



Randi Odland
Hesjaholtvn 40
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2334 - 15/16570

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
07.09.2015

GBNR 36/3 og 36/128 - Søknad om arealoverføring - Trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om arealoverføring journalført 25.8.15.

Omsøkt areal er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-spreidd bustad. Av føresegnene til kommuneplanen punkt 3.2.1 følgjer det at arealoverføring inntil 200 m² kan godkjennast utan dispensasjon. Overføring av areal større enn dette krev dispensasjonshandsaming.

Omsøkt areal er kontrollmålt til ca 410 m² av avdelingsingeniør i kommunen. Søknaden - slik den ligg føre - er soleis avhengig av dispensasjon frå punkt 3.2.1 i føresegnene til kommuneplanen. Alternativt kan omsøkt areal reduserast. Vilkåra for dispensasjon følgjer av plan- og bygningslova § 19-2. Det er tiltakshavar som må grunngje søknaden overfor kommunen.

Administrasjonen ber om tilbakemelding/klargjering frå dykk som tiltakshavar i høve til ovannemnde. Frist for tilbakemelding vert sett til 28.9.2015. Saka vert lagt i ventearkiv til svar frå dykk er motteke.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Randi Odland

Hesjaholtvn 40 5142

FYLLINGSDALEN